

# TILSYNSRAPPORT

Spesialundervisning:

Planlegge, gjennomføre og følge opp spesialundervisninga

Sunnfjord kommune - Halbrend skule

Sak 2020/8411



## Samandrag

Vi fører tilsyn med Sunnfjord kommune. Temaet for tilsynet er skulen sitt arbeid med å planlegge, gjennomføre og følge opp spesialundervisninga. Nedafor presenterer vi våre funn.

### Planlegge spesialundervisninga

- Skulen utformar ikkje IOP-ane for alle elevane snarast råd.
- Det går ikkje fram av IOP-ane kor mykje tid som skal brukast på ulike organiseringsformer, eller korleis spesialundervisninga skal organiserast når assistent har ansvar. I fleire av IOP-ane er ikkje skildringa av organiseringa i samsvar med vedtaka.
- IOP-ane seier kva fagleg innhald spesialundervisninga skal ha, og dette er i samsvarar med vedtaka. IOP-ane seier ikkje kva som er innhaldet i spesialundervisninga når assistent har ansvar.
- Skulen har ikkje ein einsarta praksis for å skildre individuelle mål og avvik frå læreplanen.

### Gjennomføre og følge opp spesialundervisninga

- Ved skulestart har skulen utforma planar for spesialundervisninga til elevane, og vi finn difor at spesialundervisninga blir sett i gong så snart som råd.
- IOP og arbeidsplanar vert nytta i organisering og gjennomføring av spesialundervisninga. Skulen legg til rette for gode arenaer for samarbeid mellom dei involverte i spesialundervisninga. Vi finn at innhald og organisering samsvarar med vedtaka.
- Skulen har ikkje ein praksis for å følge med og følge opp at eleven får rett timetal som samsvarar med vedtak. Dette er ikkje i tråd med regelverket.
- Skulen har ikkje ei systematisk oversikt over om elevane får rett tal årstimar. Spesialundervisning kan bli gitt i eit anna fag, utan at det går fram av vedtaket.
- Pedagogar utfører spesialundervisninga på skulen. Vi finn at der det blir sett inn vikar, er vikarane kvalifiserte. Vi finn òg at assistentar og andre ufaglærte får nødvendig rettleiing.
- Skulen tilpassar spesialundervisninga til eleven sitt beste så langt som råd. Likevel manglar de ein systematisk framgangsmåte for korleis elevane skal involverast i arbeidet med spesialundervisninga.
- Vi finn at skulen kontaktar PPT dersom eleven sitt behov endrar seg.
- Gjennom organisering og møtestruktur samordnar skulen opplæringa til elevane. Likevel kan vi ikkje sjå at rektor følgjer opp dette i praksis.
- Vi kan ikkje sjå ein fast framgangsmåte for å fange opp eller følge opp eventuelle kompetansemål som lærarane ikkje har gjennomgått.
- Skulen utarbeidar ein skriftleg årsrapport med vurdering av eleven si utvikling ut ifrå måla i IOP-ane.
- Vi finn det ikkje sannsynleggjort at årsrapportane blir sendt til elevar over 15 år.

Kommunen fekk ein frist for å uttale seg om denne rapporten, og kom med tilbakemeldingar innan fristen. Fylkesmannen har sett frist for retting til 1. mars 2021. Før fristen må kommunen sende oss ei erklæring om at forholda er retta og ei utgreiing om korleis brota er retta.



## Innhold

1	Innleiing.....	4
1.1	Kort om kommunen.....	4
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet.....	4
1.3	Kommunens tilbakemelding på førebels tilsynsrapport.....	5
2	Planlegge spesialundervisninga.....	6
2.1	Rettslege krav.....	6
2.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar .....	7
3	Gjennomføre og følgje opp spesialundervisninga.....	14
3.1	Rettslege krav .....	14
3.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar .....	15
4	Våre reaksjonar .....	33
4.1	Pålegg om retting.....	33
4.2	Oppfølging av pålegga .....	34
5	De har rett til å klage.....	34
	Vedlegg .....	35



# 1 Innleiing

Vi fører tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om skulane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir gjennomførte, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Vi gir derfor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen som har ansvaret for at skulen rettar opp brot på regelverket.

Våre tilsyn er offentlig myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår handsaming av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

## 1.1 Kort om kommunen

Halbrend skule ligg i Sunnfjord kommune, tidlegare Førde kommune. Skulen har elevar frå 6. til 10. trinn. I følge Grunnskulen sitt Informasjonssystem (GSI) hadde Halbrend skule 383 elevar skuleåret 2019-2020.

Vi valde å opne tilsyn med dette tema i Sunnfjord kommune, Halbrend skule, på bakgrunn av ei risikovurdering. I vår risikovurdering la vi vekt på følgjande:

- Sunnfjord kommune har ein stor del vedtak om spesialundervisning samanlikna med andre kommunar i Vestland fylke.
- Halbrend skule er den største skulen i kommunen som har elevar både på barne- og ungdomstrinnet, og samanlikna med omfanget spesialundervisning i Sunnfjord kommune ligg Halbrend skule noko over gjennomsnittet for kommunen.
- Fylkesmannen har ikkje motteke klagar på vedtak om spesialundervisning det siste året, og på den måten har vi ikkje kjennskap til kommunens praksis på området.
- Elevane sin rett på spesialundervisning er eit område med høg risiko, som vil seie at eventuelle lovbrøt kan få store konsekvensar for mange elevar.

## 1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Sunnfjord kommune 28. mai 2020. De vart pålagd å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Temaet for dette tilsynet er spesialundervisning. Temaet er delt inn i tre delar:

1. PPT sitt ansvar for å utarbeide sakkunnige vurderingar og hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen.
2. Gjere vedtak om spesialundervisning.



### 3. Planlegge, gjennomføre og følge opp spesialundervisninga.

Temaet for dette tilsynet er del tre, planlegge, gjennomføre og følge opp spesialundervisninga. Vi har kontrollert følgjande undertema:

1. Planlegge spesialundervisninga, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5.
2. Gjennomføre og følge opp spesialundervisninga, jf. opplæringslova §§ 5-1, 5-3 og 5-5.

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

Tilsynet har som formål å kontrollere at skulen oppfyller krava i regelverket når det gjeld å planlegge, gjennomføre og følge opp spesialundervisning.

I tilsynet har vi henta inn eigenvurderingar frå skuleleiinga og tilsette på skulen. Vidare har vi gjennomført intervju på skulen den 15. september 2020.

Vi sende ein førebels tilsynsrapport til kommunen den 27. oktober 2020. Kommunen fekk ein frist for å kommentere rapport. Vi mottok kommunens tilbakemelding innan fristen 10. november 2020.

Denne tilsynsrapporten gjev ikkje ei heilskapsvurdering av skuleeigaren og opplæringsstaden. Rapporten omhandlar berre resultat knytt til temaet som er valt, og på det tidspunktet tilsynet er gjennomført.

## **1.3 Kommunens tilbakemelding på førebels tilsynsrapport**

I tilbakemelding på førebels rapport, skriv kommunen at dei arbeider med å få på plass ei spesialpedagogisk handbok som skal kvalitetssikre og konkretisere rutinar og malar. Kommunen skriv at arbeidet var planlagt ferdig våren 2020, men at tidsplanen blei påverka av pandemien. Kommunen har vidare kommentert nokre av punkta i rapporten.

Vi har vurdert tilbakemeldinga frå kommunen og der denne har tilført ny informasjon er dette innarbeidd i den endelege tilsynsrapporten.



## 2 Planlegge spesialundervisninga

### 2.1 Rettslege krav

#### **Skulen skal utarbeide ein IOP snarast mogleg for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning**

De skal utarbeide ein individuell opplæringsplan (IOP) som er innanfor rammene av vedtaket, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5. Dersom vedtaket viser til den sakkunnige vurderinga, kan de byggje på den sakkunnige vurderinga når de lagar IOP-en.

IOP-en skal bli utarbeidd så snart som mogleg etter at enkeltvedtaket er fatta. Det kan vere aktuelt å begynne arbeidet med IOP-en noko før, men planen kan ikkje bli ferdigstilt før eit vedtak om spesialundervisning er fatta.

Eit vedtak om spesialundervisning gjeld frå skolestart eller frå det tidspunktet det er fatta, dersom ikkje noko anna er angitt i vedtaket. Formålet med ein IOP er at han skal vere eit arbeidsverktøy som skal ta vare på at elevane får spesialundervisning i tråd med vedtaket.

Kor lang tid de kan bruke på å utarbeide ein IOP, avheng av omfanget av og kompleksiteten i saka. Kapasitetsmessige utfordringar som oppstår gjentatte gonger, eller som er av lengre varigheit, vil ikkje vere ein gyldig grunn til at det tar langt tid å utarbeide IOP-ane. Dersom vedtaket for eksempel er fatta før sommarferien, skal IOP-en som hovudregel vere utarbeidd slik at han er klar til skolestart.

#### **IOP-en skal vere i samsvar med vedtaket og vise korleis spesialundervisninga skal vere organisert, kva for innhald ho skal ha og angi eventuelle avvik og individuelle mål for elevane.**

Det er vedtaket som fastset rammene for spesialundervisninga. IOP-en skal vere i samsvar med vedtaket og kan ikkje innehalde nye eller andre rettar for eleven enn det som går fram av vedtaket, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5.

IOP-en skal skildre korleis de skal organisere spesialundervisninga, og kor mykje tid eleven skal ha i klassen, i gruppe, som eineundervisning eller på ein alternativ arena, jf. opplæringslova § 5-5.

Det må gå tydeleg fram av IOP-en kva det faglege innhaldet i spesialundervisninga skal vere, det vil seie kva for fag eller område eleven skal få spesialundervisning i, jf. opplæringslova § 5-5 første ledd. Avhengig av eleven sitt behov slik det er skildra i vedtaket og sakkunnig vurdering, skal IOP-en angi for eksempel kva for type opplæring eleven skal få, formålstenlege arbeidsmåtar og pedagogisk metode og tilrettelagde læremiddel. Eventuelle nødvendige tilpassingar av det fysiske miljøet rundt eleven skal også vere beskrivne, dersom det er behov for det.

Dersom vedtaket har fastsett avvik frå dei ordinære læreplanane, må IOP-en vise kva for avvik skulen skal gjere, og kva for fag avvika skal gjelde for, jf. opplæringslova § 5-5 første ledd. IOP-en skal innehalde tydelege og realistiske mål for spesialundervisninga, jf. opplæringslova § 5-5 første ledd.



De må formulere eigne mål dersom eleven si opplæring skal avvike frå kompetansemåla i dei ordinære læreplanane.

## 2.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

### Utarbeiding av IOP

Vi har motteke tilvisingar til PPT, sakkunnige vurderingar, enkeltvedtak, IOP-er, timeplanar og årsrapportar for seks elevar for skuleåret 2019-2020 og 2020-2021. Vi har i tillegg motteke eigenvurderingar frå rektor, assisterande rektor og lærarar. Vi har gjennomført intervju med rektor, assisterande rektor, spesialpedagogisk leiar, lærarar, assistent og fagarbeidar.

Enkeltvedtaka om spesialundervisning er gjort av rektor og spesialpedagog ved Halbrend skule. Vi forutsett at myndigheita til å gjere vedtak er delegert frå skuleeigar til skulen ved rektor.

Kontrollspørsmål: Utarbeider skulen IOP-ar snarast mogleg for alle elevane som har vedtak om spesialundervisning?

#### *Våre observasjonar*

På spørsmål om skulen utarbeider IOP-for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning, svarar alle ja. Rektor viser til at skulen sine interne frist for å utarbeide IOP er 15. september kvart skuleår. Dersom ein elev får vedtak medan eit skuleår er i gong så lager dei IOP fortløpande, og det skal skje innan rimeleg tid, skriv rektor. Skulen har sendt inn ein mal for IOP.

I følgje stillingsinstruksen har rektor og spesialpedagogisk leiar ansvar for å gå igjennom IOP-arbeidet. I intervju kjem det frem at kontaktlærar skriv IOP-ane i samarbeid med andre, mellom anna spesialpedagog, og at rektor og spesialpedagogisk leiar har ansvar for å følgje med på om det lagast ein IOP. Dei har møte for å sikre at dette blir gjort.

På spørsmål om kvifor IOP-ane ikkje er klare til skulestart, svarar assisterande rektor og spesialpedagogisk leiar i intervju at det er fordi lærarane må følgje opp elevane fram til ferien, og at fristen for å utarbeide IOP er 15. september. Rektor svarar at dei får nokre elevar som dei ikkje kjenner til frå før, til dømes elevar frå andre skular, eller at ein elev får ein ny lærar, og at læraren må få bli kjent med eleven før dei utformar IOP. For dei elevane som skal halde fram med same lærar kunne IOP-en vore klar tidlegare, seier rektor.

Dei fleste av dei innsendte vedtaka er gjort i slutten av juni. Det er utforma IOP til alle vedtaka, to IOP-ar er datert 9. september, resten er utan dato. Alle elevane med vedtak om spesialundervisning for skuleåret 2020-2021 hadde vedtak også for føregående skuleår.

#### *Kommentar til førebels rapport*

I kommentar til førebels rapport, skriv de at de har ein intern frist for å ferdigstille IOP, og at dette er ein «siste frist» som gjeld elevar som får vidareført vedtak, eller som er overført frå andre skular. De skriv at fristen er sett for å sikre ein god prosess, og at de utarbeidar IOP så snart som råd. Videre viser kommunen til at elevane har IOP frå året før.



### Vår vurdering

Skulen skal lage ein IOP som byggjer på vedtaket. Skulen må starte arbeidet med IOP-en seinast når vedtaket er gjort. Kor lang tid dei kan bruke på å utarbeide ein IOP, avheng av omfang og kompleksitet i saka.

Vi ser at det er utforma IOP for alle elevar med vedtak. Vidare ser vi at skulen har ei tydeleg oppgåvefordeling der det er lagt til bestemte personar å følgje opp IOP-arbeidet. Dette vil bidra til å sikre at skulen utformar IOP-ar for alle elevar med vedtak. På bakgrunn av dette finn vi at skulen utarbeider IOP-ar for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning.

Fleire av elevane hadde ikkje IOP da skuleåret starta, sjølv om vedtaka blir gjort før skulestart. De viser til at lærarane må bli kjent med dei nye elevane, og at dette kan gjere til at planane ikkje er klare til skulestart. Det er positivt at lærarane brukar tid på å bli kjent med elevane, men slik vi ser det gjeld den interne fristen 15. september for alle elevane med vedtak, ikkje berre nye elevar. Dette stadfestar de også i tilbakemelding til førebels rapport.

Skulen skal utarbeide ein IOP så snart som mogleg etter at vedtaket er gjort, og skulen må starte arbeidet med IOP-en *seinast* når vedtaket er gjort. Kor lang tid de kan bruke på å utarbeide ein IOP, avheng av omfanget og kompleksiteten i saka. Sjølv om de i tilbakemeldinga på foreløpig rapport viser til at 15. september er ein siste frist, finn ikkje Fylkesmannen det sannsynleg at fristen ikkje har betydning for når IOP-ane er ferdig utarbeida. Årsaka er dei tilsette sjølv viser til fristen som grunn til at IOP-ane ikkje er klare til skulestart. Kravet er at IOP-ane skal utarbeidast snarast mogleg. Kva som er snarast mogleg avheng av omfanget og kompleksiteten i den einskilde saka. Fylkesmannen kan ikkje sjå at kravet i regelverket er oppfylt. Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

### Innhaldet i ein IOP

De har ein mal for utforming av IOP, som er ny for skuleåret 2020-2021. Denne malen er brukt for fire av dei seks IOP-ane vi har motteke for skuleåret 2020-2021. I malen skal det skrivast inn personalia om eleven, og det skal kort oppsummerast kva som skal vere innhaldet i vedtaket og kva som er samla årstimetal med spesialundervisning. Vidare skal ein for eitt og eitt fag fyller inn der eleven har spesialundervisning. Her blir det delt inn i bolkaner kjerneelement i fag, læringsmål, innhald i opplæringa, arbeidsmåtar, organisering og vurderingsformar. For elevar med store avvik er det laga ein del der ein skal skrive inn mål som føreset eit alternativt innhald i større delar av opplæringa.

Kontrollspørsmål: Inneheld IOP-ane ein skildring av korleis skulen skal organisere spesialundervisninga, og er skildringane av organiseringa i samsvar med vedtaka?

### Våre observasjonar

I eigenvurderinga har alle svart ja på spørsmål om IOP-ane skildrar korleis skulen skal organisere spesialundervisninga, og kor mykje tid elevane skal ha i klassen, i gruppe, som eineundervisning eller på ein alternativ arena. Rektor skriv at dette også står i vedtaka.





I vedtaka er spesialundervisninga delt inn i timar med spesialpedagog og timar med assistent. Vi legg til grunn at desse timetala samla er det totale timetalet spesialundervisning eleven får tildelt. For fem av elevane går det fram av IOP-en kor mange årstimar spesialundervisning eleven har krav på totalt.

Malen for IOP legg opp til at det skal skrivast korleis skulen skal organisere spesialundervisninga. Dette feltet er utfylt i alle IOP-ane vi har motteke, men det varierer kor detaljerte skildringane er.

I ein IOP går det fram kor mange timar som skal nyttast til kvart fag, i tre IOP-ar går dette delvis fram og i to IOP-ar går dette ikkje fram. Timane med assistent er ikkje knytt til fag.

I nokre av IOP-ane er organiseringa skildra ved til dømes at det vekslar mellom at undervisninga kan bli gitt i gruppe, ein til ein, i klassen, eller at eleven skal nytte to-lærarressursen. For nokre elevar er det skildra kor mykje av tida eleven skal nytte på dei ulike formene for organisering. Til dømes skal ein elev ha to timar med spesialpedagog ein-til-ein i norsk.

For fleire av elevane er det ikkje fastsett kor mykje tid som skal nyttast til kvar organiseringsform i dei ulike faga. Til dømes står det skrive for ein elev at spesialundervisninga skal organiserast aleine eller i gruppe, utan at det er fastsett kor mykje tid eleven skal ha i gruppe eller aleine. For fleire elevar skal undervisninga gjennomførast i gruppe eller på grupperom «ved behov».

I fem av dei seks vedtaka vi har motteke er elevane tildelt ein assistentressurs. I ein IOP er det oppgitt at assistentressursen skal nyttast til å hjelpe eleven i klasse, i gruppe eller ein til ein. For dei andre elevane er det ikkje oppgitt korleis timane med assistent skal drivast fram.

På spørsmål om IOP-ane skildrar ei organisering av opplæringa som er i samsvar med vedtaka, svarar alle ja.

For ein elev står det i vedtaket at eleven skal ha undervisning aleine med to kontaktlærarar. I IOP-en går det fram at opplæringa skal vere organisert «åleine eller i gruppe». For ein annan elev er det i vedtaket bestemt at spesialundervisninga skal organiserast ein-til-ein, eller ved bruk av to-lærarsystemet. I IOP-en går det fram at eleven nyttar gruppeundervisning i basisfaga dersom eleven ønskjer det.

Ein elev er tildelt 8 timar med pedagog. 3 av timane skal vere med kontaktlærar. For dei andre timane går det ikkje fram av vedtaket korleis dei skal organiserast, men det går fram at eleven vil få tilbod om lærartimar med pedagog. I IOP-en står det innleiingsvis at all støtte skjer i klasserommet. Vidare i IOP-en varierer organiseringa mellom klasse, gruppe, ein til ein og bruk av to-lærarsystemet, utan at dette er nemnd i vedtaket.

Fleire av vedtaka viser til at klassen har eit to-lærarsystem, og at eleven vil kunne gjere seg nytte av dette. I nokre tilfelle er to-lærarsystemet gitt som ein individuell rett til eleven i vedtaket. I nokre tilfelle blir eleven tildelt timar med spesialundervisning, og vidare går det fram i vedtaket at klassen har to-lærarsystem utan at dette blir tildelt eleven som eit individuelt spesialundervisningsopplegg. Dette blir gjenteke i IOP-ane.

*Kommentar til førebels rapport*



De viser til at de har innført nye malar, og at malane tek utgangspunkt i Utdanningsdirektoratet sitt framlegg til IOP-mal. Vedtaka inneheld informasjon om tidsbruk og organisering, og denne informasjonen skal leggast til grunn for IOP. Videre viser de til at assistentane ikkje utøver spesialundervisning, men kan gjennomføre opplegg og planar som er utarbeidd av pedagog. I hovudsak skal assistentane vere til praktisk hjelp og støtte, skriv de. De meiner difor det vil vere feil å vise til assistentar sitt ansvar i ein IOP.

#### *Vår vurdering*

IOP-en skal skildre korleis de skal organisere spesialundervisninga, og kor mykje tid eleven skal ha i klassen, i gruppe, som eineundervisning eller på ein alternativ opplæringsarena. Som eit minimumskrav bør IOP-ane innehalde informasjon om det er ei av organiseringsformene som skal nyttast større grad enn dei andre, eller om det er ei jamn fordeling mellom korleis det blir organisert.

Det varierer kva informasjon som går fram av dei ulike IOP-ane. I nokre av IOP-ane finn vi at organiseringa av spesialundervisninga med pedagog er gitt konkret, og at det går fram kor mykje tid eleven skal ha i klassen og som eineundervisning. I dei fleste av IOP-ane går det derimot ikkje klart fram korleis timane er fordelte på ulike fag eller område, og det går heller ikkje fram kva form for organisering som skal nyttast i undervisninga for alle elevane.

For dei fleste IOP-ane går det ikkje fram kva fag eller område timane med assistent skal nyttast til, eller korleis desse timane skal drivast fram. I tilbakemelding til førebels rapport viser de til at assistentane ikkje skal gjennomføre opplegg og planar som er utarbeidd av pedagog, og det difor ikkje vil vere rett å vise til deira ansvar for opplæring i ein IOP. Vedtaket om spesialundervisning kan bestemme at personar som ikkje er tilsette i ei undervisningsstilling, kan vere med på å gjennomføre spesialundervisninga. Desse må då få rettleiing av ein kvalifisert lærar. I vedtaka går det fram at nokre timar med spesialundervisning skal utførast av assistentar. Etersom timane med assistent inngår som ein del av spesialundervisninga, må det også for desse timane gå tydeleg fram av IOP-en korleis desse timane skal drivast fram.

Vi ser at dette også er uklart i vedtaka. Likevel er det slik at sjølv om vedtaka legg opp til ei fleksibel organisering, er det skulen si oppgåve å ta stilling til kva for ei organisering som er mest føremålstenleg i dei ulike timane, alt etter kva kompetansemål det blir arbeidd med. På bakgrunn av dette finn vi at IOP-ane ikkje inneheld ei skildring av korleis skulen skal organisere spesialundervisninga.

Vidare må den organiseringsforma som går fram av IOP-en, vere i samsvar med vedtaket. Gjennom døma vi har trekt fram under observasjonane ovanfor, har vi vist at fleire av IOP-ane ikkje samsvarar med den organiseringa som går fram av vedtaka. Vidare ser vi at skulen i fleire tilfelle viser til to-lærarsystemet både i vedtaket og i IOP-ane. Vi vil presisere at skulen sitt to-lærarsystem ikkje vil vere ein del av spesialundervisninga til eleven med mindre dette er særskilt tildelt eleven som ein individuell rett i vedtaket, ettersom dette er ein ressurs som er tildelt klassen. Slik fleire av IOP-ane er skriva, kan det sjå ut som at skulen legg opp til at to-lærarsystemet skal inngå som ein del av spesialundervisninga til eleven. Dette gjeld også der dette ikkje er tildelt i vedtaket. Etersom fleire av



IOP-ane ikkje er i samsvar med vedtaket, finn vi at skulen sin praksis ikkje er i tråd med regelverket på dette punktet.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Kontrollspørsmål: Inneheld IOP-ane ei skildring av kva innhald spesialundervisninga skal ha, og er skildringane av innhaldet i samsvar med vedtaka?

#### *Våre observasjonar*

På spørsmål om IOP-ane skildrar kva fag eller område elevane skal få spesialundervisning i, kva type opplæring elevane skal få, kva arbeidsmåtar de skal nytte og korleis de skal leggje til rette for elevane når det gjeld pedagogisk metode, læremidlar og utstyr, svarar alle ja i eigenvurderinga.

Malen for IOP inneheld ein del som angir bolkar for bestemte fag eller område, der kjerneelementa i faget, læringsmål, innhald og arbeidsmåtar skal skildrast. I fem av IOP-ane går det fram kva fag eller område eleven skal få spesialundervisning i, og i alle IOP-ane er bolkan utfylt. Det er ikkje skildra kva som skal vere innhaldet i timane med assistent.

På spørsmål om IOP-ane har eit fagleg innhald som er i samsvar med vedtaka, og om timetalet i IOP-ane er i samsvar med vedtaka, svarar alle ja. I alle IOP-ane er det innleiingsvis gjenteke kva som står om innhaldet i spesialundervisninga i vedtaket.

Ein elev har fått tildelt 8 timar med spesialundervisning og 11 timar med assistent i vedtaket. I IOP-en står det at eleven skal ha 3 timar med kontaktlærer og 9 timar med assistent. Vidare er det vist til at klassen har to-lærer i basisfaga, 10 timar samanlagt.

Ein annan elev har fått 4 timar i veka med spesialundervisning, og 22 timar i veka med assistent. I IOP-en står det innleiingsvis at eleven har fått 5 timar i veka med spesialundervisning med pedagog. Vidare går det fram av IOP-en at eleven får fire timar med pedagog.

#### *Kommentar til førebels rapport*

De viser igjen til at de ikkje meiner det skal gå fram av IOP-en kva assistenten skal utøve av hjelp og støtte til eleven. Når det gjeld føring av eit anna timetal i IOP enn i vedtaket, vil de peike på at det ikkje er ein systemsvikt, men enkeltstående feil. De viser til at nye vedtaksmalar og nye malar for IOP er innført, noko som kan resultere i slike feil. I kommentar til eit anna kontrollspørsmål viser de til at innføring av nye malar krev opplæring i bruk av desse.

#### *Vår vurdering*



Det må gå tydeleg fram av IOP-en kva det faglege innhaldet i spesialundervisninga skal vere, det vil seie kva for fag eller område eleven skal få spesialundervisning i. Vi ser at dette er tilfellet for fem av dei seks innsendte IOP-ane.

Det er ulikt kor detaljerte skildringane av innhaldet i opplæringa er, og kva informasjon som er teke med i dei ulike kolonnane. Dette kan peike i retning av at de ikkje har ein fast og konsekvent praksis på området. Det vil likevel variere kor omfattande og detaljert ein IOP skal vere, dette må vurderast opp mot behovet til eleven. Slik vi ser det, kan variasjonen mellom dei ulike IOP-ane i dei fleste tilfella tilskrivast individuelle skilnader hjå kvar enkelt elev.

Vi kan likevel ikkje sjå at skulen gjer det klart kva som skal vere innhaldet i den delen av spesialundervisninga som assistentane skal utføre. Ettersom timane med assistent inngår som ein del av spesialundervisning, må det også for desse timane gå tydeleg fram av IOP-en kva det faglege innhaldet i spesialundervisninga skal vere. På bakgrunn av dette finn vi at det ikkje går tydeleg fram av IOP-en kva som er det faglege innhaldet i spesialundervisninga.

Det faglege innhaldet i IOP-en må vere i samsvar med vedtaket. Det gjeld både kva fag eller delar av fag spesialundervisninga skal omfatte, og kva mål som gjeld særskilt for spesialundervisninga.

Vi ser at skulen i den første delen av IOP-en har skildra kva som skal vere det faglege innhaldet i spesialundervisninga. Dette er det same som står i vedtaket. Vidare er innhaldet i spesialundervisninga nærare skildra i resten av IOP-en, der IOP-en er delt mellom ulike fag. På denne måten går det klart fram av IOP-en kva som er tildelt i vedtaket, og vedtaket er vidare operasjonalisert i resten av IOP-en. På bakgrunn av dette finn vi at det faglege innhaldet i IOP-en samsvarar med vedtaket.

Vidare må opplysningane i IOP-en som gjeld kor mange timar spesialundervisning eleven skal ha i dei enkelte faga og samla, samsvare med vedtaket. I nokre tilfelle ser vi at det i IOP-ane blir gitt andre timetal enn det som går fram av vedtaket. Nokre gonger er det uklart kor mange timar som skal nyttast til kvart fag i IOP-ane. I tilbakemelding til førebels tilsynsrapport skriv de at dette ikkje er systemfeil, men enkeltstående feil. De viser til at det krev opplæring når det skal innførast nye malar. Vi er einige at det generelt ikkje vil vere nok å utforme nye malar eller rutinar for å etablere ein ny praksis. Kommunen må ha gjennomført tiltak som er eigna til å sikre at nye rutinar vert følgd. Dette kan til dømes vere opplæring og forankring av dei som er omfatta av rutinen. Når malar eller rutinar ikkje blir følgd slik det var tenkt, er dette eit teikn på at rutinane ikkje er tilstrekkeleg forankra hjå dei som er omfatta av rutinen.

Ut ifrå tilbakemeldinga legg vi likevel til grunn at døma vi fann, er uttrykk for enkeltstående feil, og at skulens praksis er at de gjer att dei same timane med spesialundervisning i IOP-en som i vedtaket, i tråd med kommunens mal.

Vi finn at det går tydeleg fram av IOP-en kva det faglege innhaldet i spesialundervisninga skal vere der det er pedagog som er ansvarleg for gjennomføringa av spesialundervisninga, men ikkje når assistent har ansvar for gjennomføringa.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.



Kontrollspørsmål: Inneheld IOP-ane ein skildring av avvik frå dei ordinære læreplanane og kva mål elevane skal nå, og er skildringane av organiseringa i samsvar med vedtaka?

#### *Våre observasjonar*

På spørsmål om de i IOP-ane skildrar kva avvik skulen skal gjere frå dei ordinære læreplanane, og kva fag avvika skal gjelde for, svarar alle ja.

Det er tre av dei seks elevane vi har motteke vedtak for, som har avvik frå kompetansemåla i læreplanen. To av desse elevane har IOP-ar utforma etter gamal mal. I IOP-ane er det for desse elevane gjenteke frå vedtaket, at dei har avvik frå kompetansemåla.

For ein av desse elevane er det oppgitt at eleven skal arbeide med delar av kompetansemåla i norsk, matematikk og engelsk i IOP-en. Det går ikkje fram kva kompetansemål det er gjort avvik frå i dei ulike faga. For ein av dei andre er avvika frå kompetansemåla samla under overskrifta «avvik frå kompetansemåla». Her går det fram kva avvik som er gjort frå kompetansemåla i dei ulike faga. For den siste eleven er det gjort avvik frå alle kompetansemåla i seks fag. I den nye malen er det ikkje lagt opp til at det skal skrivast kva kompetansemål det er gjort avvik frå.

På spørsmål om IOP-ane har klart definerte mål for spesialundervisninga når eleven si opplæring skal avvike frå kompetansemåla i læreplanane, svarar alle ja.

Malen har ei eiga kolonne der læringsmåla for eleven skal skildrast. Her er det for dei tre elevane skildra kva som skal vere deira mål i norsk, matematikk og engelsk (basisfaga).

For ein elev er det klargjort at det blir gjort avvik frå alle kompetansemåla i seks av faga. I alle dei seks faga skal eleven følgje kompetansemåla for 2. årstrinn. For dei andre faga enn basisfaga har ikkje skulen supplert med individuelle mål. For denne eleven går det fram av den sakkunnige vurderinga at «når eleven meistrar enkelte delmål i læreplanen for dei ulike faga, er det viktig at ein jobbar vidare, slik at ein ikkje stagnerer, men heile tida utviklar [eleven] sin kunnskap».

#### *Vår vurdering*

Når ein elev har vedtak om avvik frå læreplanverket, må det gå tydeleg fram av eleven sin IOP kva konsekvensen av avviket inneber. For ein av elevane går det ikkje fram kva kompetansemål det er gjort avvik frå, medan for dei to andre går dette fram. Dette kan tyde på at skulen i dei fleste tilfelle gir nødvendig informasjon om avvika frå læreplanen. Likevel ser vi at skulen ikkje har ein einsarta praksis for korleis ein skal få fram kva kompetansemål det er gjort avvik frå, dette er gjort ulikt i dei to sakene. Vi ser også at det ikkje er lagt opp til at det skal gjevast informasjon om dette i den nye malen. På bakgrunn av dette finn vi at skulen ikkje har ein praksis for å gi nødvendig informasjon om avvika frå læreplanverket.

IOP-en må også innehalde tydelege og realistiske mål for spesialundervisninga.



Vi ser at det i faga norsk, matematikk og engelsk er skildra kva som skal vere dei individuelle måla for dei tre elevane som har avvik frå den ordinære læreplanen. Likevel er det for ein elev ikkje laga individuelle mål i to av dei fem faga der det er avvik. Det går ikkje fram kva som er målet for spesialundervisninga i desse faga.

For eleven som skal følge kompetansemåla for 2. årstrinn, finn vi på bakgrunn av uttalen i sakkunnig vurdering at skulen må formulere tydelege og realistiske mål ut over det å berre vise til kompetansemåla for 2. årstrinn, slik at eleven si utvikling kan vurderast oppimot dei individuelle måla. Vi finn difor at ein heller ikkje her gir nødvendig informasjon om kva som er målet for spesialundervisninga for eleven.

På bakgrunn av dette finn vi samla sett at de ikkje har ein einsarta praksis for å gje ei skildring av avvik frå dei ordinære læreplanane og kva mål elevane skal nå.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

## 3 Gjennomføre og følge opp spesialundervisninga

### 3.1 Rettslege krav

#### **Skulen skal gjennomføre spesialundervisninga i samsvar med vedtaket og IOP-en**

Spesialundervisninga skal bli sett i gong frå vedtaksdato eller frå den datoen vedtaket bestemmer, jf. opplæringslova § 5-1.

Organiseringa, innhaldet og omfanget av spesialundervisninga skal vere slik det står i vedtaket, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5. Spesialundervisningstimar som har falle bort av andre grunnar enn eleven sitt eige fråvær skal erstattast så langt det er pedagogisk forsvarleg, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5. Elevar med spesialundervisning skal ha det same totale timetalet som andre elevar, med mindre vedtaka seier noko anna, jf. opplæringslova § 5-1. De kan ikkje endre organiseringa av, innhaldet i eller omfanget av spesialundervisninga utan at det ligg føre eit nytt vedtak og ein ny IOP.

Dei som gjennomfører spesialundervisninga, må ha den kompetansen som lova eller vedtaka krev. Dersom assistentar eller andre ufaglærde skal bidra i gjennomføringa av spesialundervisninga, må dei få nødvendig rettleiing av ein lærar som oppfyller krava til kompetanse i faget, jf. opplæringslova § 10-11.

Spesialundervisninga skal gjennomførast slik at eleven sitt beste blir teke vare på, jf. barnekonvensjonen artikkel 3. Eleven må få tilpassa og tilstrekkeleg informasjon og høve til å uttale seg, jf. barnekonvensjonen artikkel 12. De må vektleggje eleven sine synspunkt i samsvar med alder og modning.



Dersom perioden for den sakkunnige vurderinga er gått ut, eller de vurderer at eleven sitt behov for spesialundervisning er endra, skal de be om ei ny sakkunnig vurdering frå PPT, jf. opplæringslova § 5-3 første ledd.

Rektor må bestemme korleis lærarane skal samordne spesialundervisninga med den ordinære opplæringa i klassen og følgje opp at dette skjer i praksis, jf. opplæringslova §§ 5-1, 5-5 og 9-1. Tilsvarande må rektor bestemme korleis de tilpassar opplæringa undervegs slik at den samla dekkjer måla i IOP-en og følgje opp at de alltid gjer dette, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5.

### **Skulen skal utarbeide ein årsrapport for alle elevar som får spesialundervisning**

De skal kvart år utarbeide ein skriftleg rapport for alle elevar som får spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-5. Rapporten skal ta utgangspunkt i IOP-en for eleven og vise kva for opplæring eleven har fått. De skal vurdere utviklinga til eleven ut frå måla i IOP-en, anten eleven har hatt eigne mål eller har hatt opplæring i måla i den ordinære læreplanen.

De skal snakke med eleven om kva som skal vere innhaldet i årsrapporten, jf. barnekonvensjonen artikkel 12. De må leggje samtalen til rette slik at eleven ikkje opplever samtalen som ei byrde, og får moglegheit til å uttrykke sitt syn.

Skulen skal sende årsrapporten til elevar over 15 år, til foreldra til elevar under 18 år og til kommunen.

## **3.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar**

### **Tilrettelegging og organisering av arbeidet**

Skulen har sendt inn ei oversikt over organisering og arbeidsdeling ved skulen. Rektor og assisterande rektor utgjer leiinga på skulen. Rektor har det overordna ansvaret for drifta. Assisterande rektor 1 og 2 har dagleg driftsansvar for høvesvis mellomsteget og ungdomssteget. Spesialpedagogisk leiar er fagleg rådgjevar for spesialpedagogisk og sosialpedagogisk arbeid ved skulen. Vidare har skulen i følgje organiseringskartet delt opp i teamgrupper for 6., 7., 8., 9. og 10. trinn. I følgje skulen sin stillingsplan har skulen ein teamleiar for 6. trinn, ein for 7. trinn, og tre teamleiarar på ungdomstrinnet.

Rektor fortel i intervju at ho, dei to assisterande rektorane og spesialpedagogisk leiar utgjer leiargruppa som er ansvarleg for spesialundervisninga. Det er utarbeidd stillingsinstruks for rektor, assisterande rektor og spesialpedagogisk leiar. Instruksken skildrar dei tilsette sine oppgåver og ansvar.

Skulen har teammøte ein gong i veka. Dei ulike trinna er delte på team, og møta blir referert til både som team- og trinnmøte. På skulen sine teammøte er også assistentane og fagarbeidarane med. Skulen lagar referat frå teammøta i ei One-Note oversikt, slik at dei som ikkje fekk delta på møte får høve til å lese referatet i etterkant.

### **Skulen skal igangsette spesialundervisning så snart som mogleg**



Kontrollspørsmål: Set skulen i gong med spesialundervisning frå vedtaksdato eller frå den datoen vedtaket bestemmer?

*Våre observasjonar*

På spørsmål om dei sett gong spesialundervisninga på oppstartdato eller så snart som mogleg etter at vedtaka er gjort, svarar dei fleste ja i eigenvurderinga.

Med unntak av eitt, har alle vedtaka vi har motteke vorte gjort i slutten av juni. IOP-ane er stort sett ikkje daterte, men to IOP-ar er datert 9. september.

Det er skulen si rutine at IOP-en skal vere ferdig 15. september kvart år. Rektor fortel i intervju at etter at vedtaket er skrive, får kontaktlærar det tilsendt. Kontaktlærar og rektor tenkjer saman om korleis skoledagen til eleven skal leggjast opp. I nokre tilfelle må kontaktlærar bruke tid på å bli kjende med eleven før IOP-en kan ferdigstillast. Dette gjeld nye elevar, eller elevar med ny kontaktlærar. For dei elevane som skal halde fram med same lærar, ser rektor at dei kunne hatt IOP-en klar tidlegare.

På spørsmål om kva opplæringstilbod elevane får fram til IOP-en er klar, svarar dei tilsette litt ulikt. Nokre seier at elevane får opplæring i tråd med IOP-en frå året før. Nokre svarar at skulen har utarbeidd ein eigen arbeidsplan som dei startar å arbeide etter frå dag ein. Spesialpedagogisk leiar og assisterande rektor fortel at dei legg undervisninga opp imot vedtaka så godt det let seg gjere frå skulestart, og at dei allereie veit litt om kva som kjem til å stå i IOP-en.

Dei fortel vidare at dei lagar ein timeplan før IOP-en er klar, og at denne planen er klar heilt frå skulestart. I planen blir ressursane fordelt, og det blir timeplanfesta når ulike hendingar skal skje. Planane blir utforma opp mot vedtaka, og slik Fylkesmannen forstår det blir planen klar før skuleferien. Det skjer av og til at det blir endringar som ein må ein legge til rette for. Planen skal vere eit levande dokument fortel dei i intervju.

I intervju fortel spesialpedagogisk leiar og assisterande rektor at dersom det kjem nytt vedtak om rett til spesialpedagogisk hjelp i løpet av eit skuleår, blir det utforma ein ny IOP fortløpande. Ei lærargruppe fortel at det kan vere utfordrande dersom ein elev får vedtak om spesialpedagogisk hjelp midt i skuleåret, ettersom ein då ofte ikkje får tildelt nye ressursar, men må løysa det innanfor dei ressursane dei allereie har. Fleire fortel at dette blir løyst innafor skulen sitt to-lærarsystem, men at det i nokre tilfelle kan skje at dei får tildelt ekstra ressursar.

Vi har motteke eit vedtak for skuleåret 2019-2020, der vedtaket er gjort i september. Eleven er tildelt 4 timar i veka med det skulen definerer som spesialundervisning, og 15 timar i veka med assistent. Det går ikkje klart fram av vedtaket korleis desse fire timane skal nyttast, eller kva kompetanse den som gir hjelpa skal ha. I vedtaket blir det vist til at klassen har to-lærarressurs, og at eleven kan nytte denne. I sakkunnig blir det tilrådd 10 timar i veka med spesialpedagog. I IOP-en er ikkje timane fordelt på fag. Ut ifrå IOP-en fekk eleven spesialundervisning gjennom klassen sin to-lærarressurs, i tillegg til assistentressurs i gruppe og time.





### *Kommentar til førebels rapport*

De skriv i tilbakemeldinga at timeplanar og planar for organisering av undervisning er klare før skulestart, og byggjer på vedtaket. Vekeplanar og individuelle vekeplanar blir laga frå første skuledag, slik at spesialundervisninga kan starte opp frå første dag. Det er justeringar og konkretiseringar av IOP som ikkje er klare til første skuledag. For at eleven skal få medverke inn i arbeidet med IOP-en, må det vere eit tidsrom til for å involvere eleven etter skulestart. For at eleven skal kunne påverke spesialundervisninga, må eleven bli kjend med skulen, og lærarane kjend med eleven sine føresetnader. De er ikkje samd i Fylkesmannen si vurdering om at spesialundervisninga ikkje har starta opp ved skulestart.

### *Vår vurdering*

De skal gi spesialundervisninga frå den datoen som vedtaket bestemmer, eller så snart som mogleg dersom vedtaket ikkje er datert. Kor lang tid skulen brukar på å utarbeide IOP er avhengig av eleven sine behov og utfordringar, men det ligg i dette at skulen skal iverksette spesialundervisninga så raskt som det let seg gjere.

Vi ser at de utformar timeplanar for elevane, og at ressursane til spesialundervisning blir fordelt her. Vi legg til grunn at denne planen ligg klar til skulestart, og at de gjer dei nødvendige endringane i timeplanen etter at vedtaket for skuleåret som timeplanen gjeld er gjort. Ein slik plan bidreg til at skulen set i verk spesialundervisninga så snart som mogleg.

I tilbakemelding til førebels rapport skriv de at også planar for organisering av spesialundervisninga og individuelle vekeplanar også er klare til skulestart, slik at spesialundervisninga startar opp første dag. Elevanes medverknad er grunnen til at de ikkje har IOP-ane klare til skulestart.

Igangsetjinga av spesialundervisninga er nært knytt opp til IOP-ane, ettersom IOP-ane er eit uttrykk for dei praktiske tiltaka som gjer til at ein får gjennomført vedtaket om spesialundervisning. Når denne planen ikkje er klar til skulestart, blir det uklart kva opplæringstilbod eleven får. Slik vi les tilbakemeldinga frå kommunen, er både innhald i spesialundervisninga og organiseringa klar ved skulestart gjennom timeplan, plan for organisering og individuell vekeplan. På bakgrunn av dette finn vi at de startar opp spesialundervisninga ved skulestart, og at det gjerast små justeringar i planen basert på elevens medverking fram til IOP-en er klar.

Det er uklart om skulen set i gong den spesialundervisninga elevane har krav på i dei tilfella der elevane får vedtak om spesialundervisning i løpet av skuleåret. Vi har berre motteke eit vedtak som er gjort i løpet av skuleåret, og her vart spesialundervisninga tilsynelatande løyst gjennom klassen sin allereie eksisterande to-lærarressurs. Vi kan ikkje konkludere med at skulen har ein praksis for å ikkje tilføre tilstrekkelege ressursar der eleven får eit vedtak om spesialundervisning i løpet av skuleåret, men vi finn likevel grunn til å kommentere at det er eleven sitt behov som skal vere avgjerande for kva tilbod om spesialundervisning eleven får.

På bakgrunn at tilbakemelding til førebels rapport, finn vi at de set i gong spesialundervisninga så snart som mogleg.



Krava i regelverket er oppfylt.

## **Skulen skal gjennomføre og følge opp at opplæringa er i samsvar med vedtak og IOP**

### **Organisering og innhald**

Kontrollspørsmål: Gir skulen spesialundervisning med ei organisering og eit innhald som er i samsvar med vedtaka?

*Våre observasjonar*

#### Innhald

I eigenvurderinga svarar alle ja på spørsmål om de gir spesialundervisning med eit fagleg innhald som er i samsvar med IOP-ane.

Alle elevar med rett på spesialundervisning har eigen vekeplan, som gjeld for to veker. Spesialpedagog er med å lage denne planen. I intervju med assisterande rektor og spesialpedagogisk leiar fortel dei at elevane har tilrettelagte vekeplanar. Desse planane skal liggje til grunn for kva elevane skal jobbe med, og måla her svarar til kompetansemåla i IOP-en.

Assisterande rektor og spesialpedagogisk leiar fortel at dei i starten av skuleåret har fokus på spesialundervisning, og at det her er sett av tid til at alle skal sette seg inn i IOP og sakkunnig vurdering. Vidare tilhøyrar alle lærarar, assistentar og fagarbeidarar eit team, slik at det skal vere enkelt å samarbeide. Rektor fortel at assistentane no sit på same kontor som lærarane, slik at dei skal vere ein del av trinnet og at det skal vere enkelt å samarbeide. Ei lærargruppe fortel at kontorfellesskapet legg til rette for godt samarbeid.

Alle teama har teammøte ein gong i veka, der ein kan løfte opp problemstillingar som gjeld elevar med rett til spesialundervisning. Teammøta varar i 1,5 t, og assistentane som tilhøyrar teamet er med i 45 minutt. Det blir skrive referat frå møte. Rektor er innom så ofte ho kan på teammøta, og ho les referata. På desse møta er det faste postar som ein skal innom, og spesialundervisning er ein fast post.

Assistent og fagarbeidar fortel at dei les gjennom IOP-ane for dei elevane dei skal jobbe med på starten av skuleåret, og at dei får beskjed dersom det blir gjort endringar i IOP-en. Dei fortel at dei sjeldan brukar IOP-en, og at det ikkje er slik at dei sjekkar den kvar dag. Dei viser til at det er tett kontakt med lærarane, og at ein informerer kvarandre og samarbeider i uformelle møte.

Ei lærargruppe fortel at dei les igjennom vedtaket når dei jobbar med IOP-en. Dei fortel at dei brukar IOP-en, men at dei sikkert kan bli betre på det. Dei er innom og sjekkar måla i IOP-en. Rektor fortel at dei har snakka om at IOP-en skal evaluerast i første termin, men at dei også burde hatt eit sjekkpunkt i oktober eller november.

#### Organisering



På spørsmål i eigenvurderinga om spesialundervisninga de gir er organisert i samsvar med IOP-ane, svarar alle ja.

Vedtaka og IOP-ane skildrar korleis undervisninga skal organiserast, og skulen nyttar også timeplan og vekeplan for å fastsetje organiseringa av spesialundervisninga.

Vedtaka og IOP-ane vi har fått oversendt viser variasjon mellom einetimar, undervisning i klasse og/eller i gruppe. Fleire elevar skal nytte gruppeundervisning «ved behov».

I intervju med assisterande rektor og spesialpedagogisk leiar fortel dei at det som avgjer om eleven skal takast ut av klassen og få eineundervisning, er ei balanse mellom eleven si eiga meining, foreldre og det læraren og dei som jobbar med eleven ser. Det er ofte kontaktlærar som har ansvar for å vurdere eleven sitt behov. Dersom det er to lærarar i klassen, kan lærarane vurdere om eleven bør takast ut av klasserommet for å få undervisning.

Fleire av dei tilsette viser til i intervju at det står i IOP-en korleis spesialundervisninga skal organiserast, og at dette er utgangspunktet for om eleven skal takast ut av klassen eller ikkje. Vidare viser dei til at det nokre gonger må gjerast ei vurdering om organiseringa av spesialundervisninga er hensiktsmessig for eleven. Her blir det nokre gonger gjort ei vurdering frå dag til dag, medan det andre gonger krev at ein har møte med dei som er involvert i spesialundervisninga til eleven, dei føresette og at IOP-en eventuelt blir endra. Det har ikkje vore snakka i fellesskap om kva det vil bety at eleven har behov for å takast ut av klassen.

#### *Vår vurdering*

#### Innhald

Det faglege innhaldet i spesialundervisninga må vere slik de har vist i IOP-en. Det gjeld både kva fag eller delar av fag spesialundervisninga skal omfatte, og kva mål som gjeld særskilt for spesialundervisninga. Spesialundervisninga skal ha eit innhald som gjer til at eleven kan nå måla.

Ein aktiv bruk av IOP-en kan bidra til å sikre at eleven får spesialundervisning i tråd med vedtaket og IOP-en. Vi ser at det er sett av tid til å arbeide med og lese IOP-en i starten av skuleåret. Vi ser også at lærarane og assistentane opplever at dei kjenner til IOP-en. At det blir sett av tid til å lese IOP-en bidreg til å sikre at det faglege innhaldet i opplæringa blir slik ein har vist i IOP-en.

Likevel finn vi ikkje at skulen har ei rutine for å sjekke IOP-en jamleg i løpet av skuleåret. Lærarane opplyser at dei er innom og sjekkar måla i IOP-en, og rektor opplys at dei tilsette har snakka om at IOP-en skal evaluerast i første termin. Vi er einige med rektor i at det ville vere ei god løysing dersom ein hadde faste og hyppige sjekkpunkt der ein evaluerte arbeidet opp mot eleven sine individuelle kompetansemål.

Likevel ser vi at lærarane og assistentane arbeider ut frå ein vekeplan eller arbeidsplan som er laga for kvar elev, med mål som svarar til måla i IOP-en. Dette bidreg til at spesialundervisninga har eit innhald som gjer at eleven kan nå måla. Denne planen gjeld for to veker om gongen, og vi legg til grunn at skulen ved utarbeiding av planen vurderer korleis eleven ligg an opp imot dei individuelle kompetansemåla.



Vidare ser vi at skulen har lagt opp til eit tett samarbeid mellom dei som er involvert i spesialundervisninga ved å ha teammøte ein gong i veka, og at dei skal kunne ha eit tett samarbeid i uformelle møtepunkt gjennom kontorfellesskapet. Ei organisering som legg til rette for tett samarbeid mellom tilsette, der ein kan drøfte utfordringar og løfte problemstillingar kring eleven si spesialundervisning, bidreg til at eleven får spesialundervisning med eit innhald som gjer til at eleven kan nå måla.

Vi finn at de gir spesialundervisning med eit innhald i samsvar med vedtaka. Det er lagt opp til at dei tilsette skal gjere seg kjent med IOP-en og det utarbeidast ein arbeidsplan med mål som er i samsvar med kompetansemåla i IOP. I tillegg har skulen ei organisering med gode arenaer for samarbeid og vurdering av arbeidet med spesialundervisninga.

Krava i regelverket er oppfylt.

### Organisering

De skal organisere spesialundervisninga slik de har vist i IOP-en.

Vi finn at skulen nyttar IOP-en, timeplanen og vekeplanen i arbeidet med å fastsetje organiseringa av spesialundervisninga. Slike planar kan vere eigna til å sikre at spesialundervisninga blir organisert slik de har vist i IOP-en.

Vi ser at IOP-ane fleire gonger ikkje er tydelege på kor mykje tid eleven skal nytte i klassen, i gruppe eller til eine-undervisning. Det burde difor vore tydeleggjort kva som avgjer om eleven skal få undervisning utafør klasserommet. Likevel ser vi at dei tilsette viser til at det er IOP-en som avgjer om eleven skal takast ut av klassen, men at man må gjere justeringar basert på eleven sine egne behov. Vidare viser dei til at større endringar må gjerast saman med andre i møte, og føresette kan bli involvert i ein slik prosess. Med dette viser skulen at det er IOP-en som ligg til grunn for korleis undervisninga skal organiserast, men at skulen gjer små justeringar i tråd med det som er eleven sitt behov.

På bakgrunn av dei opplysningane vi har motteke legg vi til grunn at organiseringa av opplæringa er i samsvar med vedtak og IOP.

Krava i regelverket er oppfylt.

### **Timetal**

Kontrollspørsmål: Gir skulen spesialundervisning i det omfanget som er bestemt i vedtaka?

*Våre observasjonar*

På spørsmål om de erstattar spesialundervisningstimar som har falle bort av andre grunner enn elevane sitt eige fråvære, svarar alle nei.



Rektor viser til at dei arbeider for at elevane skal ha det timetalet som er vedteke, men at det ved sjukdom hjå ein lærar nokre gonger blir eit spørsmål om det er hensiktsmessig at det blir sett inn vikar som ikkje kjenner eleven. Rektor skriv at dei ved sjukdom i personalet ikkje omdisponerer spesialpedagogane til å gå ut av sine grupper for å ta andre klasser. Assisterande rektor svarar at til dømes ved klasseseture og andre ting utanom ordinær undervisning, så blir ikkje spesialundervisninga erstatta i etterkant.

Assisterande rektor fortel i intervju at det ikkje blir ført ei liste over timane til enkeltelvene, men at det blir ført ei liste over kven av dei tilsette som er sjuke, kva timar dei har og kven som skal erstatte timane. Assisterande rektor fortel at ho prøver så godt ho kan å setje inn ein annan lærar der det er mogleg.

#### *Kommentar til førebels rapport*

I tilbakemeldinga skriv de at de meiner at det ikkje er bortfall av spesialundervisning, dersom eleven deltek i sosiale og faglege samanhengar. De meiner det er viktig at eleven deltek saman med andre. De viser til at lærar eller assistent ofte deltek saman med eleven i slike samanhengar. De skriv at det ofte kan vere vanskeleg å ta igjen desse timane.

#### *Vår vurdering*

Skulen må planlegge og gjennomføre opplæring slik at eleven får den spesialundervisninga han eller ho har krav på.

Skulen viser til at det ikkje alltid er hensiktsmessig å setje inn vikar dersom eleven skal vere med på aktivitetar med resten av klassen, eller dersom det er ein ukjent lærar som må vere vikar. I tilbakemeldinga skriv de at de meiner det ikkje er bortfall av spesialundervisning når eleven deltek på til dømes aktivitetsdagar, og at det er viktig at eleven får delta i slike samanhengar.

Vi er einige i at det er viktig at eleven får same moglegheit til å delta på skulen sine aktivitetsdagar som andre elevar, og at eleven får spesialundervisning med pedagogar og assistentar som eleven er trygg på. Skulen må likevel halde ei oversikt over timer med spesialundervisning som fell bort. Dersom eleven mistar timar, til dømes ved aktivitetsdagar, må dette takast att så langt det er pedagogisk forsvarleg.

Ettersom skulen ikkje har ein praksis for å følgje med på og følgje opp at eleven får det timetalet med spesialundervisning som eleven har krav på i vedtaket, finn vi at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Kontrollspørsmål: Gir skulen elevar med spesialundervisning det same totale timetalet som andre elevar, med mindre vedtaka seier noko anna?

*Våre observasjonar*



I eigenvurderinga svarar alle ja på spørsmål om eleven med spesialundervisning får det same timetalet som andre elevar i alle fag, med mindre vedtaka seier noko anna.

Ressursane til spesialundervisning blir fordelt gjennom timeplanen, denne utformar leiargruppa i lag. I intervju kjem det fram at det ikkje blir ført lister over om elevane får dei timane dei skal ha, eller om nokon timar fell bort. Ei lærargruppe fortel at det er kontaktlærer som er ansvarleg for å sjå til at elevane får dei timane dei skal ha, og at rektor har det overordna ansvaret. Vidare viser dei til at elevane som regel får fleire timar enn dei har krav på, ettersom dei nyt godt av to-lærarressursen.

I intervju med dei tilsette kjem det fram at det kan skje at timar frå eit fag blir nytta til spesialundervisning i eit anna fag, men at skulen prøver å ordne det slik at dette ikkje skjer. Det kjem fram at det nokre gonger kan vere vanskeleg å samordne timeplanen til eleven med spesialundervisning, med resten av klassen sin timeplan. Dette skyldast at kontaktlærer må ha tid til å ha spesialundervisning med eleven. Då kan det til dømes skje at ein elev får opplæring i basisfaga i ein time der eleven eigentleg har samfunnsfag.

#### *Kommentar til førebels rapport*

I tilbakemeldinga skriv de at om ein skal ta igjen timar eller samtale med elevar, så kan det av praktiske årsaker vere naudsynt å legge timen til andre fag. De meiner det vil vere svært rigid dersom dette ikkje kan skje, og det vil etter deira syn ikkje vere til barnets beste.

#### *Vår vurdering*

Elevar med spesialundervisning skal ha det same timetalet som andre elevar i faga. Det gjeld både i dei faga eleven får spesialundervisning, og i dei faga eleven får ordinær opplæring. Det tyder at eleven også skal ha det same timetalet samla sett.

Vi kan ikkje sjå at de har eit system for å ha oversikt over at elevane får rett tal årstimar, ettersom det ikkje blir ført ei oversikt over dette.

Fylkesmannen vil også kommentere at sjølv om klassen har to-lærarressurs medfører ikkje dette at ein elev får spesialundervisning, med mindre to-lærarressursen er tildelt eleven som ein individuell rett i vedtaket. At elevane får fleire timar spesialundervisning enn det dei eigentleg har krav på ettersom skulen har ein to-lærarressurs, er difor ikkje rett.

Vi kan ikkje sjå at de har eit system for å ha oversikt over at elevane får rett tal årstimar, og dette medfører at vi ikkje finn at de har ein tydeleg og fast praksis for å kontrollere at elever med spesialundervisning får det same totale årstimetalet som andre elevar.

Vidare kan de ikkje ta timar frå eit fag og gi spesialundervisning i eit anna fag, med mindre vedtaket bestemmer dette. Ut ifrå intervju ser vi at det nokre gongar skjer at timar frå eit fag blir nytta til spesialundervisning i eit anna fag, utan at vedtaket bestemmer dette.

I tilbakemeldinga skriv de at det av og til er naudsynt å legge timen til andre fag. De meiner det er rigid dersom dette ikkje kan skje. Vi kan forstå at det i nokre tilfelle kan være praktisk å ta eleven ut av timen for å gjennomføre ein kort samtale, eller at det heilt unntaksvis vil vere til elevens beste å ta



igjen timer med spesialundervisning mens klassen har eit anna fag. Likevel finn vi det ut frå våre undersøkingar sannsynleggjort at det skjer meir enn heilt unntaksvis at de tar elevar ut av timen for å gje spesialundervisning i eit anna fag. Dette er ikkje i tråd med regelverket.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

### **Skulen skal ha den kompetansen som vedtaket krev**

Kontrollspørsmål: Har dei som gir spesialundervisning den kompetansen som lova eller vedtaka krev?

#### *Våre observasjonar*

På spørsmål i eigenvurdering om de har den kompetansen som vedtaka krev for å gje spesialundervisninga svarar dei fleste ja.

Vedtaka vi har motteke har ikkje stilt særskilte krav til kompetansen til dei som skal utføre den spesialpedagogiske hjelpa som ikkje skal gis av assistent.

I tilsynet har vi fått opplyst at ressursane blir fordelte i samband med utforming av timeplanane. Det er assisterande rektor som har ansvar for å skaffe vikarar ved sjukdom, og assisterande rektor brukar ein del tid på å finne vikarar, fortel ho i intervju.

Ei lærargruppe fortel at skulen fordeler lærarane med spesialpedagogisk utdanning til å undervise dei elevane som har dei største utfordringane. Så lenge dei får til personalkabalen, så taklar dei dette, seier lærargruppa. Dei seier at det ikkje skjer at personale utan spesialfagleg utdanning blir sett til oppgåver der det er trong for dette.

Lærargruppa fortel vidare at dei set inn vikarar for lærarar med spesialpedagogisk ansvar dersom det er tilgjengelege vikarar som kan utføre oppgåvene, og dersom det er langtidsfråvær.

#### *Vår vurdering*

Dei som gjennomfører spesialundervisninga, må oppfylle krava til kompetanse som er skildra i vedtaket, eller i den sakkunnige vurderinga som vedtaket byggjer på.

Det går ikkje fram av vedtaka kva kompetanse den som skal utføre spesialundervisninga skal ha. Der det ikkje er stilt krav om kompetanse i vedtaket, krev det at spesialundervisninga blir gitt av pedagog eller spesialpedagog.

Vi ser at de legg vekt på at de nyttar pedagogar til spesialundervisning, og at de fordeler timane til pedagogar ved skulestart. Ut ifrå dette finn vi det sannsynleggjort at det er pedagogane som utfører spesialundervisninga.

Som tidlegare skildra, finn vi at de ikkje alltid erstattar dei timane med spesialundervisning som fell bort av andre grunnar enn eleven sitt fråvær. Vi ser likevel at der det blir sett inn vikarar, bruker de alltid tid på å finne ein kvalifisert pedagog, og at det er assisterande rektor som har ansvar for å



gjere dette. At ein person er ansvarleg for å finne vikarar for alle elevane, bidreg dette til å sikre at det blir sett inn kvalifiserte vikarar i dei tilfella der det blir sett inn vikar.

Etter dette finn vi det sannsynleggjort at det er pedagogar som utfører spesialundervisninga, og at det i dei tilfella det blir sett inn vikar, blir sett inn kvalifiserte vikarar.

Krava i regelverket er oppfylt.

### **Skulen skal gje assistentar og andre ufaglærte nødvendig rettleiing**

Kontrollspørsmål: Syter skulen for at assistentar og andre ufaglærte som bidreg i gjennomføringa av spesialundervisning, får nødvendig rettleiing av kompetente lærarar?

#### *Våre observasjonar*

På spørsmål om assistentar og andre ufaglærte som gir spesialundervisning får rettleiing av ein pedagog med kompetanse i faget, svarar alle ja i eigenvurderinga. Rektor viser til at det blir sett av tid til dette i planleggingsveka, og i teammøte utover året.

I intervju viser rektor til at oppgåvene til assistentane blir fordelt etter kva kompetanse og interesse dei har. Assistentane får ein del tips om korleis dei skal utføre oppgåvene opp mot den enkelte eleven sin plan. Assistentane og lærarane finn meir tid til rettleiing om dei treng det, fortel rektor. Rektor viser til at det er kontaktlærer som har ansvar for å rettleie assistentane.

Assistent og fagarbeidar fortel intervju at dei er med på teammøte, der dei snakkar om spesialpedagogisk hjelp saman med teamet og at dei deltek på fleire samarbeidsmøte. Dei har også ein halvtime i veka til å lese planar og anna. Dei opplever at dei får den rettleiinga dei treng, og at rettleiinga er tilpassa behovet deira for å kunne utføre arbeidet. Vidare viser dei til at lærarane lagar gode vekeplanar, og at dei har ein tett dialog. Dei fortel at det ikkje er planlagt rettleiing for enkeltelevar, men at nokre gonger har det vore behov for det og då har ein hatt fleire samarbeidsmøte.

Ei lærargruppe fortel at assistentane er med på teammøte og på planleggingsdagar og at assistentane tilhører eit team. På spørsmål om kven som har ansvar for å sjå til at assistentane får rettleiing, blir det vist til at teamleiar har ansvar på teammøte, og at kontaktlærer har ansvar for faglærarane. Vidare viser lærargruppa til at det blir sett opp møte med assistentane ved behov. Assistentane kan komme med tilbakemeldingar på korleis det går med spesialundervisninga i teammøta.

#### *Vår vurdering*

Vedtaket om spesialundervisning kan bestemme at personar som ikkje er tilsette i ei undervisningsstilling, kan vere med på å gjennomføre spesialundervisninga. Assistentar og andre ufaglærte som skal bidra i spesialundervisninga, må få rettleiing av ein lærar som oppfyller krava til kompetanse i faget.





Det kan sjå ut som om det er litt tilfeldig kven som gjennomfører opplæringa av assistentane og korleis dette blir gjort. Det er i noko grad opp til lærarane og assistentane å finne passande tid og høve for å gjennomføre rettleiing. Dette kan medføre at det er ein risiko for at assistentane ikkje får nødvendig rettleiing.

Det er ikkje sett av rettleiingstid til kvar enkelt elev. Også dette kan medføre ein risiko for at eleven ikkje får nødvendig rettleiing.

Likevel ser vi at det er sett av tid til teammøte kvar veke, der assistentane kan vere med. Her får assistentane høve til å løfte utfordringar og samtale med lærarane som er involvert i spesialundervisninga til eleven. Vidare ser vi at både lærarar og assistentar viser til at det er tett kontakt mellom dei, og at dei har låg terskel for å ta kontakt, og at assistentane sjølv opplever at dei får tilstrekkeleg rettleiing. Samla sett har vi difor komme til at assistentar og andre ufaglærte som bidreg i gjennomføringa av spesialundervisninga, får nødvendig rettleiing.

Krava i regelverket er oppfylt.

### **Spesialundervisninga skal gjennomførast slik at eleven sitt beste er ivareteke**

Kontrollspørsmål: Gjennomfører skulen spesialundervisninga slik at barnet sitt beste er ivareteke?

*Våre observasjonar*

På spørsmål om dei gjennomfører spesialundervisninga slik at elevane sitt beste er ivareteke, svarar alle ja.

Rektor fortel i intervju at dei alltid gjennomfører ein elevsamtale i forkant av utarbeiding av individuell utviklingsplan (IUP). Her snakkar ein med eleven om kva eleven sjølv vil, og til dømes om eleven ønskjer å vere i klassen. Dette tek ein vidare til foreldresamtalen. Det er ikkje praksis på skulen at det blir dokumentert kva som kjem fram i desse samtalanene, men rektor seier ho ønskjer å utforme eit samtalskjema.

Assistentane fortel at dei meiner elevane ofte blir involverte når det gjeld gjennomføringa av spesialundervisninga, og at elevane sitt synspunkt blir vektlagt. Ei lærargruppe fortel at det kjem an på eleven i kva grad dei blir involverte. Dei spør korleis det går i elevsamtalar og utviklingssamtalar. For elevar som har vedtak om spesialundervisning må ein sjå an eleven, og korleis ein kan snakke med eleven om dette, fortel lærargruppa. Dei tilpassar seg eleven sitt språklege nivå når dei samtalar med elevane.

På spørsmål i eigenvurderinga om dei snakkar med elevane om kva som skal vere innhaldet i årsrapporten, både når det gjeld kva opplæring elevane har fått og vurderinga av elevane si utvikling ut frå måla i IOP-ane, svarar dei fleste nei. Assisterande rektor svarar både ja og nei, og viser til at det kjem an på alder og modning til eleven.



Det er ikkje ein felles praksis for å involvere elevane til å uttale seg om årsrapporten, men etter modningsnivå og alder så kan dei uttale seg, fortel rektor i intervju. Ho veit ikkje om alle praktiserer dette.

Lærargruppa fortel at dei tilpassar organiseringa av spesialundervisninga ut frå eleven sitt ønskje. Dersom eleven til dømes ikkje ønskjer å gå ut av klassen, vil det vere til barnets beste å gjennomføre undervisninga i klassen. For dei som ikkje ønskjer å skilje seg ut frå andre, vil man leggje til rette til dømes ved å lage eit opplegg i spesialundervisninga der ein brukar datamaskin, dersom alle dei andre i klassen bruker datamaskin. Lærarane peiker på at to-lærarsystemet gjer det enklare å leggje til rette for å gjere justeringar i det spesialpedagogiske opplegget til eleven sitt beste.

### *Kommentar til førebels rapport*

I tilbakemeldinga skriv de at skulen gjennomfører mange møte med elevar og føresette første skuledag og i skuleveka. Før utviklingssamtalane snakkar dei med alle elvane om undervisning og trivsel, dette gjeld også for elevar med spesialundervisning. De meiner dette er ei systematisk tilnærming for å involvere elevane, og de viser til at elevinvolvering vil bli eit viktig tema i Sunnfjord kommune si handbok for spesialundervisning.

### *Vår vurdering*

Skulen skal ivareta eleven sin rett til medverknad, og har plikt til å ta omsyn til eleven sitt beste i alle handlingar og avgjerder som gjeld eleven.

Vi ser at dei tilsette er opptatt av eleven sitt beste, og av å gjere justeringar i planane slik at undervisninga blir best mogleg tilrettelagt for elevane. Vi legg til grunn at de så langt det er mogleg gjennomfører spesialundervisninga på eleven sine premissar.

Ut frå våre undersøkingar kan vi ikkje sjå at skulen har ei systematisk tilnærming til korleis elevane skal medverke under gjennomføringa av spesialundervisninga, verken gjennom skriftlege rutinar eller faste rutinar for korleis ein skal gjere dette ved skulen. Vi ser at rektor ønskjer å ha ei meir systematisk tilnærming til å inkludere elevane, gjennom mellom anna eit samtaleskjema, men at dette enno ikkje er på plass.

De skriv i tilbakemeldinga at de gjennomfører faste møte med elever og føresette første skuledag og før utviklingssamtale. De vil også ha fokus på dette i handbok for spesialundervisning. Vi legg til grunn at de gjennomfører samtaler med elevane slik de gjer uttrykk for. Likevel kan vi ikkje sjå at det er så innarbeidd hjå dei tilsette, at dette er skulens framgangsmåte for å involvere elvane i planlegginga og gjennomføringa av spesialundervisninga. Vi er einige med kommunen om at det vil vere nyttig om ein skildrar korleis elevane skal involverast i spesialundervisninga i ei handbok for spesialundervisning.

Vårt hovudintrykk er at elevane langt på veg blir høyrd, og at de så langt det er mogleg tilpassar spesialundervisninga til eleven sitt beste der de oppfattar at eleven har eit behov for tilpassing. Likevel kan vi ikkje sjå at de har ein systematisk framgangsmåte for å informere eleven, og for korleis eleven skal få medverke i gjennomføringa av spesialundervisninga, eller i utforminga av IOP-en eller



årsrapporten. Basert på dette, finn vi at skulen ikkje gjennomfører spesialundervisninga slik at barnets beste er ivareteke.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

### **Skulen skal be PPT om ny sakkunnig vurdering ved endring av eleven sitt behov**

Kontrollspørsmål: Ber skulen PPT om nye sakkunnige vurderingar dersom elevanes behov endrar seg?

#### *Våre observasjonar*

På spørsmål om dei ber PPT om ei ny sakkunnig vurdering dersom eleven sitt behov endrar seg, svarar alle ja.

I skulen sitt organisasjonskart med tilhøyrande stillingsinstruks, blir rektor gjort ansvarleg for å ha kontakt med PPT. Rektor skal ha faste møte med PPT. Spesialpedagogisk leiar skal også delta i faste møte med PPT.

I dei gamle IOP-ane vart det lagt opp til at ein etter årsrapporten kunne krysse av for om eleven har behov for ny tilvising til PPT. Vi kan ikkje sjå at dette er vidareført i ny mal, men her er det heller ikkje lagt opp til at årsrapporten skal skrivast i same dokument som IOP-en.

Lærarar på ungdomstrinnet svarar at dei kan sette i gong prosessen med å be PPT om ei ny sakkunnig vurdering dersom eleven sitt behov endrar seg. Kontaktlærer er ansvarleg for at det blir gjort ei evaluering av eleven sitt behov i januar og før sommaren, fortel lærargruppa.

Av den innsendte dokumentasjonen kan vi sjå at skulen for fleire elevar har bedt om ny sakkunnig vurdering basert på eit endra behov hos eleven. For ein elev har skulen gjort ei større endring i tal timar som vart tilråda frå PPT. Skulen grunngjev dette i endringar i eleven sitt behov, og eleven sitt eige ønskje. Vi kan ikkje sjå at skulen her bad PPT om ei ny sakkunnig vurdering.

#### *Vår vurdering*

Ut frå informasjonen vi har henta inn i tilsynet, ser vi at det i stor grad blir opp til den enkelte lærar å vurdere om eleven sitt behov har endra seg, og om ein må melde frå om eit endra behov. Vi kan ikkje sjå at skulen har eit overordna forum der ein drøfter terskelen for kva endringar som tilseier at PPT kan eller må kontaktast. Vidare ser vi eit eksempel på at skulen har endra vedtaket basert på endring i eleven sitt behov, utan at det er synleg at skulen har bedt PPT om ei ny vurdering. Dette kan tilseie at skulen ikkje ber PPT om ei ny sakkunnig vurdering ved endring av eleven sitt behov.

Likevel ser vi at skulen i fleire av dei innsendte sakene har bedt PPT om ei ny vurdering, basert på at eleven sitt behov har endra seg. Vi ser også at skulen har faste møte med PPT, og at det er rektor som er ansvarleg saman med spesialpedagogisk leiar, for å delta på møta. I desse møta kan ein melde frå om elevar som har fått eit endra behov. Vi finn det difor sannsynleggjort at de har praksis



for å kontakte PPT i tilfelle der endringar i enkeltelevars behov gjer til at de ser det som nødvendig med ein ny sakkunnig vurdering.

Krava i regelverket er oppfylt.

### **Rektor skal sikre at innhaldet i og gjennomføringa av spesialundervisninga er samordna med den ordinære opplæringa**

Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at gjennomføringa av elevanes spesialundervisning er samordna med den ordinære opplæringa?

*Våre observasjonar*

På spørsmål om rektor har bestemt korleis de skal samordne innhaldet i og gjennomføringa av elevanes spesialundervisning med den ordinære opplæringa, svarer alle ja. Rektor viser mellom anna til at det skal vere sett av planleggingstid til samkøying på trinnet, og skulen si organisering der lærarar og assistentar tilhøyrar eitt trinn.

Spesialpedagogisk leiar fortel at dei tek utgangspunkt i klassen sin plan når dei lager ein elev sin spesialplan. Det vil vere samsvar med klassen sin plan i dei fleste tilfelle. Dei som lager timeplanane for spesialundervisninga ser gjerne på timeplanen for resten av klassen, og trekker den inn i elevplanen så godt det let seg gjere. Ein prøver her å samordne tema. Det er individuelt kor likt det blir.

I intervju fortel lærargruppene at det temaet ein arbeider med i klassen, arbeider også eleven med i spesialundervisninga. Ein lagar først timeplanen, og deretter planen for spesialundervisning. Dei har fått beskjed om å planlegge ordinær undervisning og spesialundervisning parallelt. Det er kontaktlærer saman med assisterande rektor som har eit koordinerande ansvar.

I eigenvurderinga svarar alle ja på spørsmål om rektor følgjer opp at lærarane samordnar spesialundervisning og den ordinære opplæringa i praksis.

På spørsmål om korleis rektor følgjer opp, fortel spesialpedagogisk leiar og assisterande rektor i intervju at dei er dei forlengte armene til rektor, og at de brukar mykje tid på å planlegge timeplanen. I starten av året er dei med på teammøta og fortel om planlegginga.

I intervju fortel ei lærargruppe at rektor følgjer opp ved å delta på teammøte og i medarbeidarsamtalar. Dei fortel at rektor ville fanga det opp på teammøta dersom ein ikkje samordna undervisninga. Det er kontaktlærer sitt ansvar å fange opp når det ikkje fungerer i praksis fortel dei. Ei anna gruppe fortel at rektor ser alle planane, og er med på teammøta eit par gonger i halvåret.

*Kommentar til førebels rapport*



I tilbakemeldinga skriv de at slik de les rapporten, er ikkje Fylkesmannen sikker på kva resultatet er av at rektor er med på slike møte. De meiner det er ei vurdering basert på skjønn. De viser til at rektor skal innhente informasjon og bruke informasjonen vidare i oppfølging.

#### *Vår vurdering*

Rektor må bestemme korleis lærarane skal samordne spesialundervisninga med den ordinære opplæringa i klassen. Bakgrunnen for dette er at det som hovudregel er fleire lærarar og assistentar rundt ein elev med spesialundervisning. Dette forutset at det er klare retningslinjer og arenaer for samordning og koordinering mellom lærarane, og at rektor følgjer opp at opplæringa faktisk blir samordna.

De har ikkje ei skriftleg rutine for korleis de samordnar opplæringa til eleven. Likevel går det fram av intervju at det er ein felles praksis for skulen å utforme timeplanane før ein utformar plan for spesialundervisninga. Skulen har organisert seg slik at dei som arbeider med elevane tilhøyrar same team, og arbeider tett. Kontorfellesskapet legg til rette for godt samarbeid, og de har teammøte kvar veke der spesialundervisning er tema. Basert på dette finn vi at de har ein praksis for å samordne opplæringa.

Vidare er det eit krav om at rektor skal følgje opp for å vite at samordninga blir gjort i praksis. Vi ser at dei tilsette svarar litt ulikt på korleis rektor følgjer med på at opplæringa blir samordna, men at dei fleste viser til at rektor, assisterande rektor eller spesialpedagogisk leiar er innom teammøta. Det kjem ikkje fram korleis rektor innhentar informasjon i desse møta, eller kva oppfølging som blir eit resultat av rektor si deltaking på møta.

I tilbakemeldinga viser de til at rektor skal innhente informasjon og bruke informasjonen i vidare oppfølging. Vi har ikkje grunn til å trekkje det de skriv i tvil, men vi kan framleis ikkje sjå at det blir klart korleis rektor hentar inn informasjon på desse møta, eller korleis rektor følgjer dette opp i praksis. Slik saka er opplyst, vert det opp til den enkelte tilsette å sjølv melde frå dersom opplæringa ikkje vert samordna. Videre ser vi at dei tilsette er litt usikre på kven som har ansvar for å seie ifrå om dette, og korleis dei skal melde ifrå. Vi kan ikkje sjå at ein slik framgangsmåte sikrar at rektor følgjer opp at samordninga blir gjort i praksis.

Etter vår vurdering er det ikkje sannsynleggjort at rektor har ein fast praksis for å følgje opp korleis samordninga fungerer.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

#### **Rektor skal sikre at opplæringa samla dekkjer dei individuelle kompetansemåla**

Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at spesialundervisninga og den ordinære opplæringa samla dekkjer opplæringa i kompetansemåla?

*Våre observasjonar*



På spørsmål om rektor har bestemt korleis lærarane skal planlegge og tilpasse opplæringa undervegs, slik at opplæringa samla dekkjer måla i IOP-ane, svarar alle ja i eigenvurderinga. Rektor viser til at lærarane får tid på planleggingsdagar, trinntid og fellestid til å planlegge og tilpasse spesialundervisninga. Leiinga er med på desse møta slik at dei kan ta med erfaringar tilbake til spesialundervisningsmøta, skriv rektor.

Spesialpedagogisk leiar og assisterande rektor fortel i intervju at rektor og spesialpedagogisk leiar lager ei oversikt over alle elevane som skal ha spesialundervisning. I planen står det kor mange timer elevane skal ha med lærar og med assistent.

Rektor fortel i intervju at ho tek ein runde blant lærarane der ho presiserer at IOP-en er viktig, og at det skal vere eit levande dokument. Frå og med dette skuleåret skal dei ha tre felles tidspunkt på året der dei skal skrive IOP.

Ei lærargruppe fortel i intervju at dei på teammøta og på trinnet jobbar med å sikre at spesialundervisninga og den ordinære opplæringa samla dekkjer opplæringa i kompetansemåla.

På spørsmål om rektor følgjer opp at lærarane planlegg og tilpassar opplæringa fortløpande, slik at opplæringa samla dekkjer måla i IOP-ane, svarar alle ja i eigenvurderinga. Rektor viser til at dei har rutine for å gje informasjon om IOP på planleggingsdagane, at spesialpedagogisk leiar skal sjekke at det er samsvar mellom vedtak og IOP, gje informasjon og påminning om halvårsvurdering og årsrapport, og at spesialpedagogisk leiar les igjennom årsrapporten.

I intervju viser rektor til at dei gir nytilsette ei grundig opplæring, og spør lærarane om denne delen av undervisninga i medarbeidarsamtale. Ho viser elles til at det er god tillit mellom lærarane og leiinga, og at dei er gode til å spørje om hjelp.

Spesialpedagogisk leiar og assisterande rektor fortel at rektor er med på fleire møte, og kan delta på møte der ein planlegg undervisninga. Dei føler at rektor har god oversikt over spesialundervisninga, og at rektor kjenner elevane og foreldra det gjeld.

### *Vår vurdering*

Opplæringa skal ha eit innhald som byggjer på kompetansemåla i læreplanen. Det betyr at rektor må ha eit system for å fange opp eventuelle kompetansemål som lærarane ikkje har gått gjennom. Rektor må også følgje opp at lærarane planlegg og tilpassar opplæringa fortløpande.

Vi ser at rektor viser til at det blir sett av tid til planlegging og tilpassing av spesialundervisninga, og at dei ved tre stopp-punkt skal arbeide med IOP-en. Det blir også presisert at IOP-en skal vere eit levande dokument. Vi ser at dette kan gjere til at lærarane tek opp IOP-en og ser korleis elevane ligg an opp imot dei individuelle måla, og at dei gjer nødvendige justeringar for å tilpasse undervisninga slik at måla blir nådde. På denne måten kan lærarane fange opp eventuelle kompetansemål som dei ikkje har gjennomgått. Likevel kan vi ikkje sjå at det er gitt tydelege føringar for kva vurderingar dei tilsette skal gjere ved desse stopp-punkta. Det kjem ikkje fram i intervju, i eigenvurderinga eller i andre innsendte dokument at dei tilsette skal vurdere om eleven får opplæring i alle



kompetansemåla. Vi finn difor at de ikkje har ein fast framgangsmåte for å fange opp eventuelle kompetansemål som lærarane ikkje har gjennomgått.

Det er heller ikkje klart om skulen har ein framgangsmåte for å følgje opp at kompetansemåla til eleven dekkast. Det går ikkje fram i intervju eller rutinar at dei tilsette i arbeidet med IOP-en skal sjå til at eleven får opplæring som gjer til at eleven dekkjer alle kompetansemåla, og at dei skal melde frå korleis ein ligg an opp mot kompetansemåla. Vi kan ikkje sjå at skulen har utarbeidd til dømes ei sjekkliste eller eit system for å rapportere til rektor om opplæringa til eleven dekkjer alle kompetansemåla. Vi ser at det blir vist til møteverksemd og fellestid til å arbeide med IOP. Likevel er det ikkje tydeleg at de i desse møta skal sjekke opp korleis undervisninga ligg an opp mot kompetansemåla, og at ein her skal fange opp eventuelle kompetansemål som lærarane ikkje har gjennomgått med elevane.

Vi kan ikkje sjå at skulen har ein tydeleg og fast praksis frå skuleleiinga når det gjeld å fange opp eller å følgje opp av korleis opplæringa og spesialundervisninga skal gjennomførast slik at alle kompetansemåla blir gjennomgått. Vi finn difor at de ikkje har ein fast praksis for å sikre at spesialundervisninga og den ordinære opplæringa samla dekkjer dei individuelle kompetansemåla.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

## **Skulen skal utarbeide ein årsrapport og gjere ei vurdering av utviklinga til eleven ut frå måla i IOP-ane**

Kontrollspørsmål: Utarbeider skulen årsrapport for elevar som får spesialundervisning?

*Våre observasjonar*

På spørsmål om dei kvart år utarbeider årsrapportar for alle elevane som har vedtak om spesialundervisning, svarar alle ja i eigenvurderinga.

Det går ikkje fram av stillingsinstruksen at nokon har eit særskilt ansvar for å sjå til at det blir utforma årsrapportar for alle elevar. I eigenvurderinga har rektor vist til at dei har rutine for å gje informasjon og påminning om utarbeiding av årsrapport, og at spesialpedagogisk leiar les igjennom alle årsrapportane.

I tilsynet har vi fått tilsendt årsrapportar for seks elevar. Tidlegare har årsrapporten vore ein del av IOP-en. Malen for IOP er no endra, og vi kan ikkje sjå at det er lagt opp til at det skal utformast ein årsrapport i IOP-en. Vi har ikkje motteke ny mal for årsrapport, og legg difor den gamle rapporten til grunn når det gjeld skulen si utarbeiding av årsrapportar.

I årsrapportane vi har motteke går det fram kva eleven har jobba med i løpet av året. Det kjem i mindre grad fram korleis utviklinga til eleven har vore ut ifrå måla i IOP-ane. Det verkar til å vere noko ulikt alt ettersom kven som skriv, og kva informasjon som kjem fram av rapporten. I nokre tilfelle er det lagt meir vekt på eleven si utvikling. I fleire rapportar skildrar lærarane korleis eleven har utvikla seg innafor arbeidsmetodane. Det er varierende i kva grad lærarane knyt utviklinga til



eleven opp mot dei individuelle måla i planen. Lærarane gjer nokre gongar ei vurdering av om det er behov for å justere tiltaka og arbeidsmåtane som eleven nyttar for å nå måla sine. I alle årsrapportane er det vurdert om eleven framleis har eit behov for spesialundervisning i faget.

#### *Vår vurdering*

Skulen skal kvart år utarbeide ein skriftleg årsrapport for elevar som får spesialundervisning. Vi legg til grunn at de utarbeider årsrapportar for alle elevar, og at det er spesialpedagogisk leiar som har ansvar for å sjå til at dette blir gjort.

I rapporten skal de vurdere utviklinga til eleven sett ut ifrå gjeldande mål for spesialundervisninga. De må ta stilling til om eleven har behov for vidare spesialundervisning, eller om eleven kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet.

Vi ser at det i årsrapporten blir vist til kva opplæring eleven har fått, og at det blir teke stilling til om eleven har behov for vidare spesialundervisning. Det er ulikt i kva grad utviklinga til eleven er vurdert, sett opp imot måla som gjaldt for spesialundervisninga. Dette kan tyde på at det vert opp til kvar enkelt lærar å vurdere kva informasjon som skal gå fram av årsrapporten, noko som trekk i retning av at skulen ikkje har ein felles praksis for korleis dei skal utforme årsrapportar.

Likevel ser vi at det for elevane stort sett kjem fram korleis dei har utvikla seg innafor arbeidsmetodane som er valt, og for dei fleste elevane er vurderinga knytt opp mot måla som er satt i IOP-en. For fleire elevar er det også vurdert om ein skal halde fram med arbeidsmetodane, eller om det er behov for å justere dei. Desse vurderingane knytast nokon gonger opp mot korleis eleven skal nå dei individuelle måla. Videre finn vi at variasjonen i kva omfang av informasjon som kjem fram av årsrapporten i nokre tilfelle kan tilskrivast individuelle forskjellar ved elevane. Samla sett finn vi at skulen har ein praksis for å gjere ei vurdering av utviklinga til eleven ut frå måla i IOP-ane i årsrapporten.

Vi finn det sannsynleggjort at skulen utarbeidar ein skriftleg årsrapport for elevar som får spesialundervisning, og at skulen i rapportane gjer ei vurdering av utviklinga til eleven ut frå måla i IOP-ane.

Krava i regelverket er oppfylt.

### **Skulen skal sende årsrapporten til foreldra, elevar over 15 år og kommunen**

Kontrollspørsmål: Sender skulen årsrapportane til elevar over 15 år, foreldra og kommunen?

#### *Våre observasjonar*

I eigenvurderingane svarar de at de sender årsrapporten til kommunen og til dei føresette. De opplys om at de ikkje har praksis for å sende årsrapportane til elevar over 15 år.

#### *Vår vurdering*





Skulen skal sende rapporten til elevar som har fylt 15 år, til føresette til elevar under 18 år og til kommunen. Basert på eigenvurderingane finn vi det sannsynleggjort at skulen sender årsrapportane til kommunen og føresette, men ikkje til elevar over 15 år.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

## 4 Våre reaksjonar

### 4.1 Pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at de ikkje oppfyller regelverket på alle område. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. kommunelova § 30-4:

#### **Planlegge spesialundervisninga**

*Kommunen må syte for at skulen utarbeidar individuelle opplæringsplanar som er i samsvar med enkeltvedtaket, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5. Kommunen må i den forbindelse sjå til at skulen:*

1. Utarbeidar IOP-ar snarast mogleg for alle elevane som har vedtak om spesialundervisning.
2. Gjer ei skildring i IOP-ane av korleis skulen skal organisere spesialundervisninga, og at skildringane av organiseringa er i samsvar med vedtaka.
3. Gjer ei skildring i IOP-ane av kva innhald spesialundervisninga skal ha, og at skildringa av innhaldet er i samsvar med vedtaka.
4. Gjer ei skildring i IOP-ane av avvika frå dei ordinære læreplanane og kva mål elevane skal nå, og at skildringa av innhaldet er i samsvar med vedtaka.

#### **Gjennomføre og følgje opp spesialundervisninga**

*Kommunen må syte for at skulen gjennomfører spesialundervisninga i samsvar med vedtaket, jf. opplæringslova §§ 5-1, 5-3 og 5-5. Kommunen må i den forbindelse sjå til at:*

5. Skulen gir spesialundervisning i det omfanget som er fastsett i vedtaka.
6. Skulen gir elevar med spesialundervisning det same totale timetalet som andre elevar, med mindre vedtaka seier noko anna.
7. Skulen gjennomfører spesialundervisninga slik at barnets beste er ivareteke.
8. Rektor sikrar at gjennomføringa av elevanes spesialundervisning er samordna med den ordinære opplæringa.
9. Rektor sikrar at spesialundervisninga og den ordinære opplæringa samla dekkjer opplæringa i kompetansemåla.
10. Skulen sender årsrapportane til elevar over 15 år.



## 4.2 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 1. mars 2021. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

## 5 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå melding om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å omgjere vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Leikanger, 13. november 2020

Oda Eikeland Myrnes

Tilsynsleiar

Aase Bruntveit Njøs

rådgjevar



## Vedlegg

### **Dokumentasjon:**

Eigenvurdering i RefLex frå:

- Rektor
- Assisterande rektor
- Teamleiar, 7. steg
- Teamleiar 8. trinn
- Trinnleiar og kontaktlærer

Mal for IOP

Dokumentasjon for seks elevar:

- Tilvising til PPT
- Sakkunnig vurdering
- Enkeltvedtak for skuleåret 2019/2020
- IOP for skuleåret 2019/2020
- Årsrapport etter skuleåret 2019/2020
- Timeplan
- Enkeltvedtak for skuleåret 2020/2021
- IOP for skuleåret 2020/2021

Organisasjonskart

Stillingsinstruks for:

- Rektor
- Assisterande rektor 1 og 2
- Konsulent
- Leiar spes.ped/miljøteam
- Rådgjevar

Dokument med oversikt over «spesialundervisning § 5a elevar»

Halbrend skule stillingsplan

Tilbakemelding til førebels rapport, datert 10. november 2020.

Vi gjennomførte intervju på skulen 15. september 2020.

Vi snakka med rektor, assisterande rektor, spesialpedagogisk leiar, lærarar, assistent og fagarbeidar.